

Hilde felte 14-takkar

◆ Storbukken ende sine dagar da den møtte Hilde Hammer ute i skogen. Dette er hennar andre kronhjort på to år.

Av Helene Hovden
helene.hovden@norddalens.no
Mobil 918 64 150

Med fire takkar i toppen vil mange kalle den ein kapitalhjort, diger er den i allefall.

– Eg hadde bukken på post eit par dagar tidligare også, men da stilte den seg opp bakom noko kvist så eg hadde ikkje sjanse.

Men da ho møtte på den ute i skogen nokre dagar seinare fekk ho sin revansj.

– Den datt i smellen, fortel den ivrige jegeren som elles også er ein dyktig konkurranse-skyttar.

Var med far på jakt

Heilt sidan ho var 5–6 år har ho vore med faren på elgjakt, men det var først etter eit år på folkehøgskule i Finnmark at ho verkeleg vart bite av basillen.

– Der fekk vi vere med eit lokalt jaktslag på opplæringsjakt. Det gav meirsmak, seier Hilde.

To kronhjortar

Også i fjor felte ho ein kronhjort på Tolstadåsen. Den gongen hadde ho sett seg til å gjete ved eit jorde. Etter tjuge minutt kom det fem hjortar som hadde tenkt seg til å beite av det saftige graset. Ein av dei hadde kropane.

– Det var spennande, minnast Hilde.

Einaste jente

Under jakta er det eit mannsdominert miljø ho vankar i. Men det bryr ho seg ikkje om.

– Dei er så greie at.

Heller ikkje i vennekritisen heime i Vågå er det flust av jenter som jaktar.

– Eg fekk mange jaktvänner det året eg var i Pasvik. Var oppen der seinast for to veker sidan. Da gjekk vi på fuglejakt, men det vart heller dårlig med



Hilde Hammer er ein ivrig jeger. Naturopplevelingane i samband med jakta er det vesentlege for lalmsjenta. (Foto: Privat)

fangst, skrattar Hilde. Ho beskriv året i Finnmark som det finnaste hittil.

– Ein skulle ikkje gjort anna en å gå på folkehøgskule. Da får ein gjere akkurat det ein har lyst til. Stå opp om morgonen

og gå ut på jakt.

Hilde er generelt interessert i alt som har med friluftsliv å gjøre. Ho har blant anna drege opp ein 1,5 kilo tung laks på flugestong i Vestre Jakobselv.

– Det var vel meir flaks enn


duglike, humrar Hilde.

Går på Evenstad

Lalmsjenta er for tida stasjonert i Østerdalen. Nærmare bestemt på Evenstad. Der studerer ho utmarksforvaltning.

– Eg trivst godt. Det er så mykje triveleg folk her, skryt Hilde. Ein eksamen om tre vekers tid stoppar ikkje jegeren i å reise heim til Lalm på jakt.

– Nei, på jakt lyt eg veit d' skrattar Hilde.



Ga av seg selv

Geir Arne Hageland ga mye av seg selv da han var foredragsholder under verdensdagen for psykisk helse. Han fortalte om sitt liv, og sine opplevelser. Dette delte han med alle ungdomsskoleelevene i kommunen. Alle var svært imponert over presentasjonen, og mange fikk trolig noe å tenke på etter at foredraget var slutt. Selv var foredragsholderen svært tilfreds med dagen, og han roste ungdommene for at de fulgte godt med under hele foredraget. Han håpet at han hadde bidratt til å hjelpe.

Geir Arne Hageland

Eldhus

Aud Mork Bredesen søker om SMIL-midler til restaurering av eldhus på Næpneset i Vågå. Ei-gdommen er frå 1700-talet og ligg i Nordherad. Søkjaren har også søkt om å restaurere stabbur og fjøs.

Det er knapt med midler, derfor har Vågå kommune avslått den søknaden med grunngjeving i at det må prioriterast mellom ulike tiltak. Mork Bredesen får eit tilskot på inntil 43.000 kroner til restaurering av eldhuset.